

# Fridom er ingen naturlø

KOMMUNESTYRE- og  
FYLKESTINGSVALGET

2019



Bjørn Humblen (61) Isdalstø

Bruk di stemme  
på valdagen og  
gjer ein forskjell.

Godt val!

## LIVSKRAFTIGE BYGDER

### i Alver (Lindås - Meland - Radøy)

- Jeg vil arbeide for at Alver har nok fagpersonell på plass på institusjonane slik at alle kan få god hjelp, riktig og rikelig mat og verdig pleie og omsorg med god hygiene.
- Styrke kommunesentrene på Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet.
- Arbeide for at Alver kan få til eit samarbeid og kunnskapsutveksling med den framveksande oljeindustrien i Israel ved å knytte til seg ein vennskapsby på kysten der.

1 Bjørn Humblen (61) Isdalstø

7 Svein Roald Mellingen (71) Sletta

2 Rune Juvik (68) Hjelmås

8 Tore Hauge (56) Eikangervåg

3 Arne Hole (77) Sletta

9 Bjørg Kristiansen Børtveit (85) Knarvik

4 Trond Taule (62) Rosslund

10 Else Marie Dencker (90) Frekhaug

5 Margunn Mellingen (60) Sletta

11 Gunnar Leknes (54) Sletta

6 Vebjørn Humblen (19) Isdalstø

## FRIDOM OG TRYGGLEIK FOR ALLE!

- Samfunnsansvar • Trusfridom • Oppveksttryggleik • Alderdomstryggleik • Sjølvråderett
- Matvaretryggleik • Næringsfridom • Trygg infrastruktur • Nei til bompenger

Partiet Dei Kristne er eit verdikonservativt parti som bygger på tradisjonelle kristne verdiar. Det er kristendommens respekt for livet og enkeltmenneske som har gitt oss eit samfunn mennesker flyktar til - og ikkje ifrå.

Partileiar Erik Selle



PARTIET DE KRISTNE  
Fridom og tryggleik for alle.

# VI VIL JOBBE FOR:

## 1. KRISTENARVEN

- at alle elevane i grunnskulen får solid kunnskap om kristendommens betydning for utviklingen av det norske samfunnet og kulturen her.

## 2. ELDTREOMSORG

- å ha tilstrekkeleg fagpersonell på plass på institusjonane slik at bebuarane kan få god hjelp, riktig og rikelig mat og verdig pleie og omsorg med god hygiene.
- å gi varierte tilbod om hobbyaktivitetar, fysisk trening og kulturelle og kristne innslag på institusjonar. Sjøå til at heimhjelpen har tilstrekkelige ressursar.

## 3. EIGEDOMSSKATT

- at eigedomsskatt ikkje blir innført i Alver, og at fritak også omfattar gårds- og fiskebruk og småindustri og annan lokal næringsverksemd.
- Tilstrebe at eigedomsskatten på oljeinstallasjonar og annan regional storindustri ikkje blir fjerna eller overført andre utan ein full kompensasjon frå staten.

## 4. BYGDEUTVIKLING

- å etablere ein skyttelbuss mellom Frekhaug, Alversund og Knarvik. Forbedre kollektivtilbodet på kveldstid og i helgene, og legge tilrette for auka bustadbygging.
- å utbedre det kommunale vegnettet og arbeide for utbedring av fylkeskommunale vegar og bedre lyssetting i tunellar og langs alle mørke vegstrekningar.
- at tilbod om offentleg drikkevattn blir gitt til alle som ønsker det. Oppretthalde og utvikle grendaskulane vi har i dag med tanke på auka busetjing i grendene.

## 5. KOMMUNESAKER

- I utgangspunktet å behalde dagens kommunestruktur, men vi kan vurdere ei samanslåing med Meland eller Radøy. Samanslåing må avgjerast ved folkerøysting - ikkje meningsmåling. Folkets vilje må få rå i saka.
- at utbygging av vegar og annan infrastruktur i kommunen og nærrområdene ikkje skal finansierast ved å illegge bompengar på innbyggarane i nye Alver Kommune.
- at Alver vil styrke samarbeid og kunnskapsutveksling med den framveksande oljeindustrien i Israel ved å knytte til seg ein vennskapsby på kysten der.

# 3 GODE GRUNNAR - for å stemme på Partiet Dei Kristne

## FRIDOM, TRYGGLEIK OG ANSVAR

Heilt sidan Kristenretten blei sett på Moster i 1024, har kristne verdiar prega samfunnet vårt: Ei erkjenning av at eit menneskeliv har uendeleg verdi, og ei kjensle av ansvar for vår neste, og respekten for den enkelte. Diverre er dei kristne verdiane no under press, både frå ei stadig meir interjononal påverknad og frå makthavaranes politiske vegval. Partiet Dei Kristne vil verne om, og byggja vidare på verdiane som har gitt oss eit samfunn som er fritt og godt - for alle!

## UROKKANDE STØTTE TIL FAMILIEN

Familien er samfunnets viktigaste byggestein. Sterke krefter har freista omdefinera ekteskapet og svekka dei biologiske banda mellom foreldre og bom. Eit sant ekteskap er ei pakt mellom ein mann og ei kvinne. Bom har rett til både far og mor, og må ikkje gjerast til eit ei handelsvare på dei vaksne sine premisser. Det biologiske prinsippet må vera styrande i norsk familiepolitikk. Partiet Dei Kristne tek kampen for å gjenreise den tradisjonelle definisjonen av ekteskapet.

## ETT RINGANDE JA! TIL LIVET

Partiet Dei Kristne ropar eit høgt JA til livet, frå den første spede byrjinga i mor sin mage til ein naturleg død ved livsreisas slutt. Vi vil bruka alle våre krefter til å laga eit samfunn der alle kan verta fødde, og få leve livet sitt i fridom og tryggleik. Målet er nådd når det ikkje lenger er eit akseptert alternativ å avslutta ein graviditet eller 'hjelpa' nokon inn i døden.



**PARTIET DE KRISTNE**  
Fridom og tryggleik for alle.

**Bruk di stemme på valdagen og gjer ein forskjell. - Godt val!**